

# FITJAR KÝRKJEBLAD



Nr 4  
SEPTEMBER 2017  
ÅRGANG 40



Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00  
onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Sokneprest:

Oma, Olav J. 906 38 825

[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

Kyrkjelydsprest:

Lydersen, Fríðleif 471 76 743

[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069

[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00

[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet  
(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

Framsidebilete:

Då syndefloden var synkande, sende Noa ei due ut for å leite etter tørt land. Dua er gjengangar fleire stader i Bibelen, og er også mykje nytta som fredssymbol. Vår lokale hardhaus gråhegren nyt ikkje same status, men her er i alle fall ein ungfugl på kyrkjeveg.

Foto: Torbjørn Hovland



YNWA!

Mange, både barn og vaksne har meir enn nok program gjennom veka. Det viktige er ikkje kor mykje du har på programmet, men det er langt viktigare kva det er du har på programmet. Vi må gjere ei prioritering av kva som er viktig og mindre viktig for oss. «Av alle uviktige ting i verda er fotball den viktigaste.»

Pave Johannes Paul II. Paven får fram at det er noko som er langt viktigare enn noko anna, sjølv om han ikkje nemner det direkte i dette sitatet.

Friðleif Lydersen

Jesus! Jesus er det viktigaste i livet. Trua på Jesus som verdas frelsar er viktigast av alt. Alt anna er meir og mindre uviktig for den einskilde av oss. Dei færraste av oss har fotball på øvste plass når det gjeld det viktigste av uviktige ting. Familie og vener er viktige for mange av oss. Relasjonar til andre menneske har stor betyding for kvart einskild menneske, sidan kjem alle dei andre tinga som ikkje er fullt så viktige for dei fleste av oss.

Eg er som ein del av dykk veit Liverpool supporter. To gonger har eg vore til fotballkamp på Liverpool sin fotballarena, Anfield, det har vore gode og store opplevingar for meg som supporter. En enorm begeistring blant heimesupporterane, som synger og heier laget sitt fram gjennom heile kampen. Eg skulle ønsket at vi i våre kyrkjelydar skulle hatt den same begeistringa, for vi det vi samlast om veke etter veke i kyrkjene våre er det viktigaste av alt. Jesus! Han som er det viktigaste i livet. Trua på Jesus gjev oss evig liv i himmelen.

Vi kunne gjerne hatt den same begeistringa i alle kyrkjelydane våre, som når Liverpool supporterane synger «You'll never walk alone». Denne songen er Liverpool supporternes viktigaste song, som enkelt omsett betyr «Du kjem aldri til å gå åleine». Desse orda står ikkje i Bibelen men kunne like gjerne ha stått i den. Jesus sine siste ord i Matteus evangeliet lyder slik: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Matt. 28,20b.

Bodskapen i desse to sitata er ganske lik. Den er omrent den same bare sagt på to forskjelle måtar. Jesus let oss ikkje gå åleine for han er med oss alle dagar. Vi har ingenting å frykte når vi har han med på laget. Jesus er med oss i gode og onde dagar heilt til livets slutt. Pave Johannes Paul II visste kva som det viktigaste av alt. Å tru på Jesus som verdas frelsar er det viktigaste av alt. Vi må prioritere Han framfor alt det uviktige.

Amen.



# Orientering om endringar i kyrkjestaben

Denne hausten vert det ein del endringar i staben i kyrkja på Fitjar. Birgitte Drønen Brenne har hatt 40 % stilling som kyrkjetenar. Ho sa opp stillingen sin frå 1.8.17. Me ønskjer henne lukke til i jobben på Rimba-reid skule. Kyrkjelydspedagog Silje Fyllingen fekk tilbod om jobb som dagleg leiar i Sunnbok – den kristne bokhandelen på Stord. Dette takka ho ja til, og starta der 1. september. Me er svært takksame for alt det gode dei har gjort i kyrkjelyden!

Helga Olsen Aadland, soknerådsleiar

Dei som no er tilsette i kyrkja, er:

- Sokneprest - Olav Johannes Oma, 100 % stilling (løna av bispedømet)
- Kyrkjelydsprest - Fridleif Lydersen, 100 % toårig kontrakt, (løna av kyrkjelyden over kyrkjebudsjettet ved god hjelp av gåver og inntekter ved utleige til prostiet)
- Kantor - Jan Overweg, 65 % (løna over kyrkjebudsjettet)
- Kyrkjeverje - Harald Rydland 50 % (løna over kyrkjebudsjettet)
- Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar - Kristian Skumnes, 60 % (løna over kyrkjebudsjettet)
- Reinhalar - Marte Rimmereid, 10 % (løna over kyrkjebudsjettet)

## "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 24. november til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 6. desember. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

Trykk: Nils Sund Boktrykkeri AS

Klokktartenesta er også lovpålagd. Stillingsstorleiken er her rekna til 17 %, men denne tenesta har no i mange år vore utført av frivillige i kyrkjelyden, slik at lønsmidlane har tilfalle kyrkjelydsarbeidet elles.

Fitjar kyrkjelyd har utarbeidd og fått godkjent trusopp-læringsplan og forplikta seg til å gjennomføra denne. Det er føresetnaden for å få del i trusopplæringsmidlane vidare frametter.

For tida er dei offentlege økonomiske overføringane til kyrkja knappe, og soknerådet/fellesrådet arbeidar med å finna løysingar som gjer at kyrkja kan gjennomføra alle oppgåvene me er tillagde på beste vis. Me ser for oss å prøva å leggja kabalen på ein ny måte. Me vil prøva å kombinera stillingane kyrkjelydsprest og trusopplærar. Slik vert den andre prestestillinga meir i kategorien barne- og ungdomsprest. Prestestillingen vil framleis innebera kyrklege handlingar, men ha eit mykje større fokus på barn og ungdom.

Noverande kyrkjelydsprest er tilsett på andre vilkår. Desse gjeld for inneverande toårsperiode. Utlysinga til den nye stillinga kan koma i løpet av hausten

### Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Friðleif Lydersen
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland



## Temakveld med Sigrid Moldestad og band «Sova under englevakt i stova»



Torsdag 10. august kunne Hrafn Thorsteinsson opna Fitjarfestivalen med kyrkjekonseret i samarbeide med temakveldgruppa vår. Programmet var kjent og kjært, og artistane var henta frå øverste musikalske hylle.

### Torbjørn Hovland

Sigrid Moldestad er utdanna ved Ole Bull akademiet og har vunne spelemannsprisar i 2005 og 2007. Ho har spela inn ei rekke plater innan jazz og folkemusikk og har fått fleire prisar for arbeidet sitt med fele og hardingfele.

Med seg hadde ho kyrkjemusikar og organist Sigbjørn Apeland, den britiske pedal-steelgitaristen BJ Cole, og ein uvanleg virtuos og energisk trommeslager i Kåre Opheim.

Konsertserien dei no reiser rundt med heiter «Sova under englevakt i stova» og består av salmar med nynorsk tekst. Dette er ein sjølvsagt ting i dag, men var lenge forbode i norske kyrkjer. «Landsmål» var først godkjent som kyrkjemål i 1892, og den første nynorske salmeboka kom så seint som i 1925. Den

første framføring av nynorsk salme skjedde i ulovlege former første juledag 1884 i Lårdal, Telemark. Då vart «No koma Guds englar» av Elias Blix framført for første gong, truleg ei vågal avgjerd av presten.

Innimellanom gamle og nyare salmar fortalte Sigrid om sin kjærleik til dei, og korleis dei følgjer oss i både dei finaste og vanskelegaste stundene i livet.





Publikum fekk høyra artistar som formidla salmane med stor musikalitet, innleiving og nerve.

Med musikarane sin bakgrunn i folkemusikk og jazz, vart det ein fargerik kombinasjon av tradisjon og eksotisk krydder.

Det kan vera nyttig å konfrontera fordomane sine. Nokre av oss har eit heller anstrengt forhold til hardingfele, og underteikna har med skam å melde tilhøyrt denne gruppa heile livet. Denne villfaringa fekk eit velfortent skot for baugen, og me kunne med stor undring gå heimover etter konserten og tenkje at det gjerne kunne vore endå fleire innslag av hardingfele. Nok ein takk til Eli Simonsen og temakveldgruppa som utvida horisonten vår og viste oss nye fasettar i den funklande salmeskatten.



Foto: Torbjørn Hovland

## Helgemesse

Den 5. november blir det helgemessegudsteneste i Fitjar kyrkje kl.11:00. I gudstenesta vil vi minnast dei som er døde og gravlagde sidan helgemesse siste år. Namna på dei vil bli lest opp. Det vil bli selt middag (betasuppe) på bedehuset etter gudstenesta. Alle er hjarteleg velkomne til å vere med, ikkje bare dei som har mista nokon det siste året.

Diakoninemnda



## Sterkt møte med varsam lyrikar



**Den 31.august hadde temakveldgruppa invitert tidlegare fitjarbu Oskar Stein Bjørlykke til kyrkja. Han er lyrikar, forfattar, lærar og teolog. Far hans, John Gunnar Bjørlykke, var prest i Fitjar 1938-1959, og Oskar Stein tilbrakte barne og ungdomstida her.**

Torbjørn Hovland

For mange av publikum vart det eit kjært gjensyn med ein verdsatt barndomsven som har eit imponerande forfatterskap bak seg.

Med over 40 bøker som femner om lyrikk, romanar, barnebøker og musikkspel, har han skildra dei store spørsmåla på ein stillferdig måte. I salmeboka 1997 har han signert to av salmane.

Gode og sterke barndomsminne var sentralt i programmet denne kvelden. «Enkelte minne lyser som eit stjerneskot». Oskar Stein freistar å finne det heilage i det alminnelege, og finn ro og Guds nærvær i lågmælt møte med skaparverket.

Som forfattar har han naturleg nok vore oppteken av språket. Då han var liten gut likte han å lytta

når dei gamle snakka saman, og det enkle og folkelege fitjarmålet har ein stor plass i fleire dikt og forteljingar. I eit mediesamfunn med krigsoverskrifter og det meste er mega- eller monster-, er det godt å lytte til Oskar Stein Bjørlykke. Varsamt, mjukt og enkelt peikar han på det store og heilage som omgjev oss i naturen og det kvardagslege. Varm visdom utan store bokstavar og utropsteikn.

Innimellan dikt og forteljingar fekk me gleda av ein framifrå gitarist frå Dåfjorden, Per Olav Kobberstad. Med 8 strenger på gitaren, og tilsynelatande fleire fingrar enn oss andre, spela han musikk av Kjetil Bjørnstad og fleire eigenkomponerte latin-inspirerte gitarstykker. Per Olav har laga ei rekke plater med verdskjente musikarar, og delteke på ulike jazzfestivalar. Ein ung, stor musikar frå ei lita grend, og eit nytt bekjentskap for fleire av oss.

Kombinasjonen av stillferdig kvardagspoesi og akustisk gitarspel gav oss ein kveld med eit rikare utbyte enn det støyande flimmeret me ofte fyller kveldane våre med. Heller nærleik enn fjernsyn.

«Tusen, tusen takk!!»



# UngTru!

## Silje Fyllingen

9. og 10. juni var det ungdommene sin tur til å feire kyrkja sitt 150-års jubileum. Vi starta med bruskasse-klatring og sumobryting på Rimba-reid skule der ungdommene imponeerte med manglande høgdeskrekke og skikkelege bryteferdigheiter. (Ei gav litt for mykje gass i bryteringen og måtte hentast av ambulanse.)

Etter aktivitetane gjekk vi ned til bedehuset og fekk oss litt mat før vi gjekk i kyrkja og hadde møte. Her hadde vi med forfattar Bjørn Are Davidsen som hadde andakt for

oss, og vi hadde med ein fantastisk gjeng frå Framnes som forson-gar-band. Laurdag hadde Bjørn Are Davidsen seminar i kyrkja, med temaet «Gud og Vitskapen - Samanheng eller samanstøyt». Eit veldig spanande tema og ei kjekk samling.

UngTru-helga blei slutta av med felles grautmiddag på bedehuset.

Eg har lyst å gje ein varm takk til alle som var med å gjere denne helga så fin! Tusen takk til kvar enkelt!





## Barnas Pinsefest





# Pilegrimsvandring



## Silje Fyllingen

Fredag 26. mai samla vi 19 barn frå 4. - 5. klasse til pilegrimsvandring. Vi fekk besøk av Kari Rydland som fortalte oss om det å vere pilgrim i dag. Vi fekk høre om ulike folk i Bibelen, som fekk møte Jesus. Blant anna hørde vi litt om Josef, far til Jesus, og vi fekk prøve oss litt i det same yrket som han hadde.

Vi snekra dukkesenger, stylter, verktøykassar og hyller. Vi besøkte kongsbrønnen og hørde om ei dame som møtte Jesus ved ein brønn, vi hørde om Bartimeus, då Jesus metta 5000, og om Marta og Maria.

Dagen slutta med eit festmåltid! Då eg spurde ungane kva vi kunne gjort betre, sa dei at det kunne vore fleire skinkepizza. Det tek eg som eit teikn på at dei har hatt ein ganske grei dag!

Tusen takk Harald Sandvik for all hjelp, og forarbeid, med snekringa og takk til dykk andre som stilte opp som frivillige medarbeidarar!



# Seks døypte

**Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og støttar NMS sitt arbeid i Mali.**

## Helga Rimmereid

Frode Brügge Sætre er misjonær for Det norske misjonsselskap i Mali. Han fortel at situasjonen i Mali er vanskeleg for tida, spesielt med tanke på fred og sikkerheit. Arbeidet NMS er ein del av held likevel fram. Samstundes som dei opplever at ein del ting har vorte vanskelegare i misjonsarbeidet så er det opna dører for andre delar av arbeidet. For å oppmuntra oss til å forsetja å be for arbeidet i Mali og å støtta arbeidet økonomisk deler han eit fersk misjonsglint frå det evangeliserande arbeidet blant Fulanifolket i Mali med oss:

«Du har eigentleg alltid likt dei kristne», seier ein eldre ærverdig fulanimann til sonen sin, som nyleg vart døypt saman med kona og eit barn. "Det hugsar eg frå du var ung". Sonen er einig. "Den første gongen eg møtte ein kristen var då eg gjette kyr heilt sør i Mali. Det var ein pastor. Han var veldig gjestfri, og tok godt i mot meg. Han gav meg til og med ei bønematte og vatn så eg kunne vaske meg og be mine muslimske bøner!" "Men", la han til, "eg brukte å tenkja at kristen tru ikkje er noko for oss fulaniar. Det var først då eg møtte dykk i MELM\* at eg møtte kristne som snakka mitt eige språk, og eg fekk også møta fulaniar som trur på Jesus."

Denne mannen er éin av seks fulaniar knytt til MELM\* sitt arbeid, som har vorte døypt i 2017. Mannen er ein viktig bidragsytar til økonomien til storfamilien. Han har difor kunna gjera sitt val om å følgja Jesus utan å vera for redd for kon-

sekvensane. No får han ein del spørsmål frå vene og kjente: "Er det verkeleg sant at du har vorte kristen? Veit du ikkje at dei kvite har endra Jesus sitt evangelium slik at det som står der ikkje lenger er sant?" Dersom utfordringane vert for pågåande svarar han: "Eg er kristen i dag, eg er kristen i morgen, og eg kjem til å vera kristen til min død!" "For", seier han, "sa ikkje Jesus at dei som skammar seg over han, dei skammar han seg over også?"

Takk for at de er med og bed for denne mannen og familien hans, og dei tre andre personane knytt til MELM sitt arbeid som har vorte døypt i år. Be både for dei og dei "gamle" kristne, om at Gud vil beskytta dei, leia dei til mognad i trua, og at dei må få vera lys og salt i miljøet sitt.



*«Eg er kristen i dag, eg er kristen i morgen, og eg kjem til å vera kristen til min død!»*



\* I Mali har NMS saman med Frikyrkja oppretta ein lokal misjonsorganisasjon som heiter MELM (Mission Evangelique Lutherienne au Mali). Misjonsorganisasjonen MELM består av til saman sju kyrkjer og misjonsorganisasjonar. (I tillegg til NMS og Frikyrkja, er det Mekane Yesu-kyrkja frå Etiopia, den Evangelisk Lutherske Kyrkja i Kamerun, to kyrkjer frå Nigeria, og éi kyrkje frå Benin.)

Så langt (pr 30.08.17) har Fitjar kyrkjelyd samla inn kr 51 463,- til misjonsprosjektet. Det er ein god sum og Frode Brügge Sætre i Mali takkar både for all økonomisk støtte og for forbøn.

Under gudstenesta søndag 17. september var det markering av signeringa av misjonsavtalen med Det norske misjonselskap (NMS). Torstein Fosse frå NMS var med under gudstenesta og det var høve til å gje ei gave til misjonsarbeidet i Mali. Neste kollekt til misjonsprosjektet vert 1. juledag.



## Spreke pensjonistar

### Harald Rydland

Å halda ein kyrkjegard på stell krev mykje arbeid. Spreke og entusiastiske pensjonistar har møtt opp og hjelpt oss med å skjæra vegkantar i det siste. På biletet ser me Torvald

Ingebrigtsen, Johannes Lars Tufteland og Arne Devik i aksjon. Me takkar så mykje for god hjelp. Dersom fleire har lyst til å hjelpe til med dugnadsarbeid i kyrkje er det berre ta kontakt med kyrkjekontoret.



## Drenering på kyrkjegarden

### Harald Rydland

På den delen av kyrkjegarden som ligg lang Sjøsbrekka har det i fleire år vore problem med å få drenert bort vatnet. Ekstra gale har det vore dei tre siste åra med jamt regn gjennom heile sommaren. I haust vil me prøva å få gjort noko med dette.

Å驱a grøftegravning på ein kyrkjegard er ikkje berre enkelt, men me vil prøva med avskjæringsgrøfter som kan leia vatnet ned i nokre kummar inne på kyrkjegarden. Me håpar at dette vil bøta på problemet, og at arbeidet skal vera til minst muleg sjenanse for dei som har sine nærmaste gravlagde på desse felta.

# Diakonitur til Austevoll



8. juni hadde vi ein fin tur til Austevoll med diakoninemnda. Middag på gjestgjevariet og guiding med Roald Drønen.

Foto: Friðleif Lydersen

## Nye Konfirmantar



## Sjelesorg og soknebod

Prestane kan kontaktast om du har ønskje om sjelesorg eller soknebod.

Sjelesorg er ei samtale med utgangspunkt i eit kristent perspektiv. Den som ønskjer å snakka med presten kan ta opp det ein sjølv ønskjer i samtalten.

Soknebod er at presten kjem heim til menneske, som av forskjellige grunner ikkje kjem seg til kyrkje, med nattverd. I Den norske kyrkja har vi ein eigen liturgi for soknebod, som vi brukar når nokon ønskjer å mota nattverd heime.

De må ikkje vere redde for å ta kontakt med prestane for å be om sjelesorg eller soknebod. Vi kan koma heim til deg der du bur.

Olav: 906 38 825

Fridleif: 471 76 743

Foto: Torbjørn Hovland

## SKRUK

13. oktober kjem det kjende koret Skruk til kyrkja vår kl. 21.00

Me gler oss stort.

Billettar kan kjøpast hos [ticketmaster.no](#)

Songarane vil gjerne bu privat frå fredag til laurdag.

Koret tel 40 songglade, så det trengst like mange senger. Har du ei ledig seng? Du kan få godt selskap og mykje inspirasjon ved å åpna heimen.

Dersom du har høve til dette, er det fint om du kan gje beskjed til Eli N Simonsen - 911 67 910



## Neste temakveld

er 28. sept. kl. 19.30.

Då kjem Geir Gundersen med temaet **"Om å bera symptoma sine med verdighet"**.



For den jamne mannen og kvinne er Geir kanskje mest kjend for radio-andaktane sine. Han har ei klår og varm røyst, og han har alltid noko å seia. Han har m.a. vore forstandar på Diakonhjemmet og generalsekretær i Blå Kors. Han er òg åndeleg vegleiar ved Loyola Senter, hjå St. Josephsøstrene.

**Velkomne!**

## TenTreff i haust

TenTreff er eit samarbeid mellom Fitjar kyrkjelyd og Fitjar indremisjon. TenTreff er på fredagskveldane kl. 21:00 - 23:00 i Fitjar bedehus.

Målgruppa er dei som går på ungdomsskulen og oppover. Det er alltid andakt, kiosk, sosialt samvær og forskjellelege aktivitetar.

I haust er det bare ein fredag det ikkje er TenTreff.

Då er det Pit Stop i Leirvik bedehus (13. okt.).

Juleavslutning 5. desember.

## Besøk?

I Fitjar sokn er det Diakoninemnda som har ansvaret for kyrkjelyden si besøksteneste. Dei fleste av besøksvenane er friviljuge medarbeidarar som brukar av si eige fridtid til ei veldig viktig teneste. Dei har teieplikt på lik linje med prestane. Ønskjer du deg ein besøksven som kan koma på besøk til deg?

Da kan du ta kontakt med kyrkjelydsprest, Fridleif Lydersen på 471 76 743.



## Temakveldar i Fitjar kyrkje 2017



28.sept. kl. 19.30

Geir Gundersen

"Om å bera symptoma sine med verdighet"



30.november  
kl. 19.30

Ingvard  
Wilhelmsen,  
Rhoda Achieng  
og Irene Simonsen

"Vi står sterkest når vi står sammen". Om både og selvebilde



13.oktober kl. 21.00

Konsert med  
Skruk



26.oktober kl. 19.30

Johanne Ø. Tvedten,  
Ole Jorgen Furdal og  
Fred Ola Bjørnstad

"Misjonsdå"

arr.: temakveldgruppa/  
soknrådet

**EL-PROFFEN**

[www.los-elektro.no](http://www.los-elektro.no)  
[firmapost@los-elektro.no](mailto:firmapost@los-elektro.no)  
**53 42 21 00**

**GSE SANDVIK AS**

**55 60 18 20**

Velkommen til en trivelig handel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09[www.rydland.no](http://www.rydland.no)

post@rydland.no

**OPNINGSTIDER:**

Man-tys-fre: ..... 9-16  
 Ons-tor: ..... 9-18  
 Laurdag: ..... 10-14

**Tlf. 53 49 79 72**No kan du bestille time på nett:  
[www.leditime.no](http://www.leditime.no)

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

**TLF:**  
**916 46 123**

**SJÖTROLL**

Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800



Mobilnr:  
**975 02381**

**PORT  
STEINGARD**

Port Steingard AS  
v/Johs Sandvik  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961



Fitjar  
Bygdekinnelag



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
Internett: [www.mestervindu.no](http://www.mestervindu.no)

**Din Catering leverandør**

Telefon:

41 42 80 38 (Randi)

E-post:

fitjarcamping@haugnett.no

**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**



Rydland 53 49 74 40



**OPNINGSTIDER**  
 Män, tirs, fre, ..... 9-16  
 Óns, tors, ..... 9-18  
 Laur (kun drop-in) .. 10-13

Fiks frisyren  
hos oss!Treff oss i 2. etg.  
i Larsen byggetFor timebestilling ring:  
**53 49 78 90****GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



**Engesund**  
Fiskeoppdrett  
Visningsenter

Mobilnr: 951 89950

**Fitjar-Posten**E-POST: [tips@fitjarposten.no](mailto:tips@fitjarposten.no) - MOB: 481 51 491[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)**Husflidskrona****Tlf: 53 49 79 60**



53 45 72 00

53457220  
(fax)

**Fitjar Mekaniske Verksted AS**

**SPAR**



**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar FJORDHOTELL**  
Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &  
Tislevoll a.s.**

Byggmester og Entreprenorfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog  
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPENOR - 5419 FITJAR.  
TLE. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45



Mekonomen Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21



**SparebankenVest**  
- satsar på Vestlandet

**Avd. Fitjar – Tlf. 0555**



**Syng med oss !**

**OSTERNES MANNSKOR**



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbest.no/>



**KVERNENES  
BÅTBYGGERI**

Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalveid 27, 5419 Fitjar  
Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no



**Sko – Gåver – Leiken**

**Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto**

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen  
Kiosk**



**Vågen's kro  
og catering**



48 04 19 09

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Fitjarøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70  
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlischipdesign.com

**Galleri  
Flora as**

Åpningstider:

Måndag - onsdag ..... 00.00 - 16.30

Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00

Laurdag ..... 00.00 - 15.00

Midi i Lørsenbygget, Fløin sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

**Blomster - Gåver - Gravminner**

# Slekters gang

## Døypte:

### 18.06.

Fiona Solli  
Fillip Solli

### 25.06.

Eva Dahl Hatlevik  
Silja Fillippa Aarskog  
Sander Vågen Opheim  
Kåre Andreas Berge Skram

### 09.07

Tobias Tufteland Huse

### 23.07.

Frida Hestenes

### 20.08.

Tyra Lindvall Fitjar  
Julian Heggøy Storevik  
Arian Nordeide Stokken

### 27.08.

Alf Meldahl  
Steffen Vik

### 03.09.

Jonatan Helland Bremskau

## Vigde:

### 24.06.

Kristine Hovstad Johansen og  
John Arve Viken

### 29.07.

Ellen Bjartnes og  
Tor Jørgen Larsen

### 05.08.

Maria Rydland og  
Ingar Benno Petterson

### 19.08.

Malin Rydland og  
Christian Håvik

### 19.08.

Barbara F. G. Rimbereid og  
Frank Rimbereid

### 16.09.

Rannveig Matre Berrefjord og  
Ørjan Milwertz Gjedrem

## Jordfeste:

### Kirsten Heggøy

f: 21.04.1949 d: 15.07.2017

### Svein Torodd Bremskau

f: 18.05.1940 d: 06.08.2017

### Eva Ingrid Heggøy

f: 12.03.1929 d: 22.08.2017

### Åse Marie Egge Iversen

f: 23.05.1947 d: 25.08.2017

# Gudstenesteliste

Søn.	17.09.	11:00	15 sit. Hovudgudsteneste, Torstein Fosse fra NMS preikar, liturg Fridleif Lydersen, takkoffer til NMS – kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
Søn.	24.09.	11:00	16 sit. Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til Kyrkjelydspreststillinga
Tor.	28.09.	19:30	Temakveld, Geir Gundersen "Om å bera symptoma sine med verdighet".
Søn.	01.10.	11:00	17 sit. Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbok, ved sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
Søn.	08.10.	11:00	18 sit. Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, kyrkkekoret syng, takkoffer til NLA
Fre.	13.10.	21:00	Temakveld SKRUK, konser
Søn.	15.10.	11:00	19 sit. Hovudgudsteneste, Odd Bjarne Skogestad preikar, liturg Fridleif Lydersen, takkoffer til Den norske Israelsmisjon
Søn.	22.10.	11:00	20 sit. Familiegudsteneste, Hausttakkefest ved sokneprest Olav Johannes Oma, Bakken barnehage deltek, takkoffer til Tv-aksjonen
Søn.	29.10.	11:00	Bots og bønedag. Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma
Tys.	31.10.	19:00	Reformasjonsdagen. Prostigudsteneste i høve 500 årsjubileet for reformasjonen, ved prost Svein Arne Theodorsen og fleire, takkoffer til prostirådet.
Søn.	05.11.	11:00	Helgemesse. Hovudgudsteneste med minnedel, ved sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til Diakonien på Fitjar. Etter gudstenesta blir det betasuppe til kyrkjelyden på Fitjar bedehus, for pris sjå inne i bladet.
Søn.	12.11.	11:00	23 sit. Familiegudsteneste, ved sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til Stefanusalliansen
Søn.	19.11.	11:00	24 sit. Jubileumsgudsteneste i høve 150 årsjubileet til kyrkja, ved Biskop Halvor Nordhaug, prost Svein Arne Theodorsen, noverande og tidlegare prestar på Fitjar, kyrkkekoret syng, takkoffer
Søn.	26.11.	11:00	KrKo. Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer
Søn.	03.12.	19:00	1sia. Lysmesse ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen og sokneprest Olav Johannes Oma, konfirmantane deltek, takkoffer til Kyrkjelyden sitt barne og ungdomsarbeid